

Årsmelding 2006

7. september 1936 blei Norges Handelshøyskole høgtidleg opna av H.M. Kong Haakon VII. Kongen var i selskap med handelsministeren, ordføraren i Bergen, fleire stortingsmenn, rektoren ved Universitetet i Oslo og statsråd Kristofer Lehmkuhl. Lehmkuhl var formann i arbeidsutvalet som tok initiativ til å etablere Foreningen til Opprettelse av Norges Handelshøyskole i Bergen. Ei lang rekkje støttespelarar var mobiliserte allereie før foreininga blei stifta. Det blei samla inn pengar, med bidrag frå mellom andre kongeparet. I 1933 kjøpte foreininga ein villaeigedom på Muséplass, der Norges Handelshøyskole kunne opnast i september 1936.



Kong Haakon og kronprinsesse Märtha kjem til Fjøsanger stasjon.



Kong Haakon og statsråd Kristofer Lehmkuhl på opningsdagen for NHH.

NHH – ein framtidsretta 70-årsjubilant

7. september 2006 var det 70 år sidan NHH blei offisielt opna. Vi dristar oss til å seie at denne 70-åringen lever i beste velgåande, han ser meir framover enn bakover og står midt i ein stor og viktig omstillingsprosess. Så snarare enn å vere prega av jubileumsfeiring har 2006 vore eit år der NHH har jobba målretta for å nå høgskulen sitt ambisiøse mål for framtida.

Overgangen frå det fireårige siviløkonomstudiet til eit femårig løp med ein treårig bachelor- og ein toårig mastergrad har stått sentralt ved NHH i fleire år. No er den nye faglege strukturen på plass. Normert studietid for det siste kullet med fireårige siviløkonomstudentar gjekk ut i 2006, og samtidig blei det første bachelorkullet uteksaminert. Ny studiestruktur med auka studieomfang og nye undervisnings- og evalueringsformer som følgje av Kvalitetsreforma har ført til mykje press på dei faglege ressursane. Styret vedtok derfor tidleg i 2006 ein opptappingsplan for fagstaben. Implementeringa av den kjem i dei kommande åra til å bidra til at den ressursmessige basisen blir i samsvar med samfunnsoppgåvene som NHH er pålagt.


Kvalitet og kvalitetssikring har vore sentrale tema ved NHH i 2006. Tidleg på året mottok vi NOKUTs godkjenning av NHHs kvalitetssikringssystem. I mars hadde høgskulen besøk av eit ekspertpanel frå det internasjonale akkrediteringsorganet EQUIS (European Quality Improvement System) og i november av eit tilsvarande panel frå CEMS (Community of European Management Schools). Alt dette skal sikre at kjerneverksemda til NHH held høg standard både nasjonalt og internasjonalt. Tilbakemeldingane frå alle dei eksterne organa har vore eintydige, nemleg at NHH gir eit solid totalinntrykk. NHH blei derfor i juni reakkreditert for nye fem år frå EQUIS, mens innsatsen vår i CEMS fekk positiv attest mot slutten av året. Desse rapportane og prosessane gir konstruktive innspel til det vidare strategiske arbeidet vårt.

Vi vil i denne samanhengen spesielt framheve kor mykje CEMS-nettverket har å seie for NHH. Gjennom CEMS har vi eit tett samarbeid med det beste som finst av handelshøgskular i Europa både innanfor forskning og undervisning. I fellesskap tilbyr CEMS-skulane graden Master of International Management (MIM) – ein grad som gir studentane unike moglegheiter gjennom eit internasjonalt studium ved dei beste institusjonane i Europa. Ei rekordstor tilstrøyming av godt kvalifiserte søkjarar viser at studentane våre har oppdaga verdien av dette studietilbodet.

CEMS MIM styrkte elles hausten 2006 den allereie sterke posisjonen sin gjennom å komme på andre plass i Financial Times-rankinga av europeiske Master of Science-program. I den same rankinga kom siviløkonomstudiet til NHH på ein

svært heiderleg 21. plass, noko som stadfester at vi har ein solid posisjon, samtidig som det er ein spore til kontinuerleg forbetring.

NHH har arbeidd med ein heilskapleg merkestrategi i fleire år. I 2006 tok dette arbeidet nokre viktige steg framover. Styret vedtok hovudtrekka i merkestrategien hausten 2006, og ved årsskiftet blei det sett ned eit kommunikasjonsutval som har ansvar for at høgskulen framstår heilskapleg i samsvar med visjonen, måla og kjerneverdiane til NHH. Det er òg sett av budsjettmidlar til ei ny stilling som skal ha det daglege ansvaret for å følgje opp merkestrategien.



Forskning har ei heilt sentral rolle på NHH som vitskapleg høgskule. Forskinga skal få fram ny, relevant kunnskap og sikre at vi driv forskingsbasert undervisning på høgaste nivå. Også i 2006 har NHH-forskarar publisert arbeid av topp internasjonal kvalitet og bidrege til nye spennande forskingsprosjekt, ofte i samarbeid med framifrå internasjonale forskarar. Vi må likevel registrere at forskingsomfanget målt i publikasjonspoeng har gått noko ned, truleg som følgje av presset på fagstaben i samband med Kvalitetsreforma og overgangen til ein ny studiestruktur. Opptappinga av fagstaben vil derfor òg ha mykje å seie for forskingsaktiviteten til NHH i åra som kjem.

Nybygg er ein føresetnad for å sikre høvelege lokale til den auka aktiviteten. NHH har lenge jobba med byggjeplanar med tanke på å ha eit nybygg på plass innan utgangen av 2010. Dette arbeidet har halde fram gjennom 2006. Etter ein anbudsrunde er det no utpeikt ei prosjekterings-gruppe, og grovprosjekteringa tok til ved årsskiftet 2006/2007. Styret vedtok òg i desembermøtet sitt å oppnemne ei idé- og ressursgruppe som skal tenkje kreativt og nytt rundt korleis bygget kan spele ei viktig rolle for utviklinga av NHH som institusjon.

Aktivitetsnivået har gjennom 2006 vore høgt på NHH, og det blir vist stor vilje og evne til å møte nye utfordringar og tilpasse seg endra rammevilkår. Tek vi godt vare på denne korpsånden, kan vi sjå optimistisk fram mot 75-årsjubileet til høgskulen i 2011.

Jan I. Haaland

Jan I. Haaland
Rektor

Ragnar Fagereng

Ragnar Fagereng
Adm. Dir.

Instituttane 2006

Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon

Instituttstytar:	Sunniva Whittaker
Vitskapleg tilsette:	18,1 årsverk
Publikasjonspoeng:	11,0
Doktorgradar:	0

I 2006 leverte Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon 22 kursmodular på bachelornivå og fem kurs på masternivå. I tillegg blei kurset *MET513 – Academic Writing* gitt på doktorgradsnivå hausten 2006. Studenttilstrøyminga har vore spesielt bra til basismodulane i engelsk, japansk og spansk.

I mars fekk instituttet disponere all spalteplass i eit nummer av tidsskriftet *Språk og språkundervisning*. Her fekk instituttet vist seg frem i heile si breidd over tretten fagartiklar. Det store internasjonale fagbokforlaget Pearson Education var på besøk hos instituttet i mai for å sjå på arbeidet med KB-N-prosjektet. KB-N er ein internetbasert kunnskapsbank som har som mål å dekkje økonomisk-administrative domene. Translatørdagen i år hadde temaet *Mange veier fører til Rom – Oversetteren som tusenkunstner* og trekte fullt hus i midten av november.

Institutt for foretaksøkonomi

Instituttstytar:	Terje Lensberg
Vitskapleg tilsette:	52,1 årsverk
Publikasjonspoeng:	28,7
Doktorgradar:	2 (Dick Carlsson og Asmund Olstad)

8. september blei det halde eit minnesymposium til ære for Jan Mossin, som ville ha fylt 70 år i 2006. Mossin gjekk bort i 1987, men han spelte ei nøkkelrolle når det gjaldt å etablere NHH som internasjonal forskingsinstitusjon på 1960- og 1970-talet. Høgt respekterte fagpersonar frå heile verda deltok i ei verdig markering av forskingsbidraget hans. Eit av auditoria til høgskulen fekk namn etter han i samband med markeringa.

Også i mai samla instituttet internasjonale namn til eit symposium innanfor forsikring og finans. Blant deltakarane var Stephen A. Ross (MIT), ein av dei leiande finansøkonomane i verda, som òg heldt årets Karl Borch Lecture.

Kjell G. Nyborg blei tildelt

publikasjonsbonus for artikkelen *The Value of Tax Shields IS Equal to the Present Value of Tax Shields*, mens Mikael Rönqvist og medforfattarane hans fekk pris for beste paper innanfor skogbruk av U.S. Bureau of Labor Statistics. Kurt Jörnsten blei utnemnd til æresdoktor ved Høgskolen i Molde, og Per Manne blei tildelt «bronsesvampen» av studentane for haustsemesteret 2006.

Institutt for regnskap, revisjon og rettsvitenskap

Instituttstytar:	Trond Bjørnenak
Vitskapleg tilsette:	17,6 årsverk
Publikasjonspoeng:	10,5
Doktorgradar:	1 (Finn Kinserdal)

Institutt for regnskap, revisjon og rettsvitenskap heldt eit høgt aktivitetsnivå i 2006, både på forskings- og undervisningssida. Det har vore ei høgare tilstrøyming enn nokon gong til masterkurs til instituttet, og det er svært høg produksjon av studiepoeng per førelesar. Instituttet hadde nesten dobbelt så mange publikasjonspoeng i 2006 som i 2005 og har i snitt om lag eitt publikasjonspoeng per tilsett.

I februar blei det offentleggjort at Revisorforeningen bidreg med 6 millionar kroner til revisjonsforskning på NHH gjennom eit stipend for doktorgradskandidatar innanfor fagområdet. Det er eit svært viktig bidrag som forhåpentlegvis vil vere med på å sikre revisjonsrelatert forskning på høgt nivå i framtida. I juni blei stipendiat Jonas Gaudernack den første som fekk tildelt ein million kroner frå dette stipendet.

Institutt for samfunnsøkonomi

Instituttstytar:	Bertil Tungodden
Vitskapleg tilsette:	57,3 årsverk
Publikasjonspoeng:	55,4
Doktorgradar:	4 (Erik Øiolf Sørensen, Per Sandberg, Tina Søreide og Odd-Helge Fjeldstad)

Fleire av medarbeidarane ved instituttet har vekt åtgåum i året som har gått. To av dei fekk publikasjonsbonus i 2006: Frode Steen for artikkelen *On the Workings of a Cartel: Evidence from the Norwegian Cement Industry* og Lars Sørgard for artikkelen *National versus International Mergers in Unionized Oligopoly*. I tillegg fekk Kjell Gunnar Salvanes og Alexander W. Cappelen æresprisar for framifrå

forsking i september. Victor Norman fekk både bronsesvampen og pris for framifrå lærarinnsats. Hausten markerte òg oppstarten på den nye masterprofilen i samfunnsøkonomi.

Det har elles vore stor aktivitet i form av konferansar og seminar på fleire område. Skattepolitikk, helseøkonomi, historiske nasjonalrekneskap og det årlege forskarmøtet til samfunnsøkonomane er nokre av hendingane som kan trekkjast fram. Tradisjonen med å arrangere statsbudsjettseminar saman med SNF i Oslo blei òg vidareført, med stor interesse frå media.

Institutt for strategi og ledelse

Instituttstytar:	Tor Fredriksen
Vitskapleg tilsette:	56,2 årsverk
Publikasjonspoeng:	27,4
Doktorgradar:	5 (Leif Jarle Gressgård, Tore Hundsnes, Bjarte Ravndal, Bente Merete Flygansvær og Nina Prebensen)

2006 var prega av omfattande aktivitet og nye utfordringar for instituttet. På undervisningsfronten bidreg SOL med stor tyngd på heile fem av sju masterprofilar, etter at profilane i Strategisk ledelse og Ledelse av menneskelige ressurser blei slått saman våren 2006.

Forskningsaktiviteten blei halden oppe på eit stabilt, høgt nivå. Medarbeidarane ved instituttet har presentert eit femtitals bidrag på velrenommerte fagkonferansar over heile verda. I tillegg har publiseringa gitt god grunn til å kaste glans over fleire av medarbeidarane. Artikkelen *Accountants as Sources of Business Advice for Small Firms*, skriven av mellom andre Paul Gooderham og Odd Nordhaug, blei vald ut som ein av dei tju viktigeste innanfor entreprenørskaps- og småbedriftsforskning gjennom alle tider. Gooderham og Nordhaug og medforfattar Kristen Ringdal blei òg plukka ut som ein av dei åtti viktigeste bidragsytarane innanfor Human Resources Management for artikkelen *Institutional Determinants of Organizational Practices: Human Resource Management in European Firms*. Vidare blei The Elwood F. Holton III research Excellence Award tildelt Rune Lines for ein artikkel han fekk publisert i 2005.

Årskavalkade



Departementsråd Elisabeth Berge, spesialrådgivar Eva Joly og førsteamanuensis Per Ivar Gjærum under vårkonferansen i år.



Tidlegare professor i energjökonomi ved NHH Einar Hope saman med fysikkprofessorane Steinar Stapnes og Egil Lillestøl i den underjordiske tunnelen ved Cern, som er tilknytt det største fysikkenteret i verda.



Det tradisjonsrike handtrykket frå rektor under immatrikuleringa i august.



Jens Ulltveit-Moe heldt den årvisse Lehmkühl-forelesinga ved NHH.



Steen Koekebakker og Trond M. Døskeland fekk FIBE-prisen for arbeidet sitt om kontraktar i kraftsektoren.



NHHs første professor i etikk, Alexander Cappelen.



Grete Mossin, enkja etter Jan Mossin, som ville fylt 70 år i 2006. Her med plaketten til auditoriet som blei oppkalla etter han.



NRK-debatt i januar: advokat Dag Steinfeldt, kunnskapsminister Øystein Djupedal og leiaren for kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, Ine Marie Eriksen Søreide.



NHH feira 70 år i 2006. NRK Frukost-TV intervjuar rektor Jan I. Haaland og leiaren i studentforeininga, Marianne Bergene.



For siste gong på NHH i april 2006: NRK-debatt «Brød og sirkus» med programleiar Knut Olsen, finansminister Kristin Halvorsen og nestleiareren i Høgre, Per Kristian Foss.



Stilige Brann-supporterarar i eit av innslaga i årets UKEN-revy.

Styret og doktorgradar

Styret ved NHH 2006

Rektoratet:

- Rektor Professor Jan I. Haaland (leder)
- Prorektor Førsteamanuensis Gunnar E. Christensen (personleg vara for rektor m/møterett)

Valgt av fast tilsette i

undervisnings- og forskarstillingar:

- Professor Bjørn L. Basberg
- Førsteamanuensis Mette Bjørndal

Valgt av mellombels tilsette i

undervisnings- og forskarstillingar:

- Doktorgradsstipendiat Birthe K. Lange

Valgt av teknisk og administrativt tilsette:

- Controller Kari Blom

Eksterne representantar:

- Kirsti Koch Christensen, Professor UiB
- Erik Mamelund, Ernst & Young
- Oddvard Nilsen, tidligere Stortingsrepresentant (H)
- Marit Reutz, prosjektleder Telenor Nordic HR

Varamedlemmar eksterne representantar:

- Elisabeth Fosseli Olsen, Partner i Kulturell Dialog AS
- Adm. direktør Egil Herman Sjursen, Holberg Forvaltning
- Adm. direktør Paul-Chr. Rieber, GC Rieber & Co

Valgt av studentane (for eitt år):

- Stud. NHH Helle C. Andersen
- Stud. NHH Andreas Friis

Sekretær for styret:

- Adm. dir. Ragnar Fagereng

Doktorgradar 2006

ERIK ØIOLF SØRENSEN:

Essays on the production of human capital

PER SANDBERG:

Some economic aspects of relevance for harvest rules for marine fish stocks

LEIF JARLE GRESSGÅRD:

Computer-mediated group interaction and innovativeness - investigating the effects of communication properties, cognitive style, and idea generation attitudes on innovative thinking processes

TINA SØREIDE:

Business corruption: incidence, mechanisms and consequences.

DICK CARLSSON:

Planning and decision support in the pulp and paper supply chain

TORE HUNDSNES:

Organising Strategy: Continuity and Transformation of Corporate Structures

BJARTE RAVNDAL:

Governance of IT Sourcing Relationships: An Empirical Investigation of the Influence of Contract Mechanisms on Contract Behavior.

BENTE MERETE FLYGANSVÆR:

Coordinated Action in Reverse Distribution Systems.

FINN KINSERDAL:

Accounting for and valuation of pensions in Norway; earnings management and whether analysts detect it?

ASMUND OLSTAD:

Dynamic pricing and lot-sizing within manufacturing

ODD-HELGE FJELDSTAD:

Tax evasion and fiscal corruption. Essays on compliance and tax administrative practices in East and South Africa

NINA PREBENSEN:

A grammar of motives for understanding individual tourist behaviour

Forskning og tal

Forskning og publikasjoner 2006

(Tal i parentes er 2005-tal)

	Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon	Institutt for foretaksøkonomi	Institutt for regnskap, revisjon og rettsvitenskap	Institutt for samfunnsøkonomi	Institutt for strategi og ledelse	Totalt
Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift	1 (2)	25 (27)	8(2)	34 (39)	14 (33)	82 (103)
Artiklar i nasjonale vitenskaplege tidsskrift	1 (3)	4 (12)	1(7)	14 (23)	1 (17)	39 (62)
Artiklar i vitenskaplege antologiar	4	3	6	3	18	34
Kapittel i lærebøker/fagbøker	6 (2)	5 (4)	- (1)	14 (9)	8 (25)	33 (41)
Lærebøker/fagbøker	- (3)	2 (2)	3(1)	3 (2)	5 (6)	13 (14)
Diskusjonspaper, føredrag, rapportar*	22 (24)	173 (119)	33 (20)	93 (86)	86 (140)	428 (389)
Doktorgradsavhandlingar	-	2 (1)	1(-)	4 (3)	5 (4)	12 (8)

* Her er det manglar i rapporteringa.

Tal 2006

Studentar:

Registrerte studentar:	2572
Nye studentar i bachelorstudiet:	825
Ferdige kandidatar:	782

Utvexlingsstudentar:

Innkommande:	176
Utreisande:	239

Alumnimedlemmer: 4000

Vitskapleg stab:

(kjelde NSD)	
Amanuensar:	5,9 årsverk
Førsteamanuensar:	52,6 årsverk
Professorar:	56,2 årsverk
Stipendiatar:	57,4 årsverk

Nye professorar:

NORVALD MONSEN,
Institutt for regnskap, revisjon og rettsvitenskap
SVEIN-ARNE PERSSON,
Institutt for foretaksøkonomi
RUNE LINES,
Institutt for strategi og ledelse
ALEXANDER CAPPELEN,
Institutt for samfunnsøkonomi

Bronsesvampen:

Våren 2006: Professor Victor Norman
Hausten 2006: Førsteamanuensis Per Manne

NHHs publikasjonsbonus:

PROFESSOR FRODE STEEN
ved Institutt for samfunnsøkonomi
PROFESSOR LARS SØRGARD
ved Institutt for samfunnsøkonomi
PROFESSOR KJELL G. NYBORG
ved Institutt for foretaksøkonomi

Pris for framifrå forskning:

Professorane KJELL GUNNAR SALVANES og
ALEXANDER W. CAPPELEN ved Institutt for samfunnsøkonomi
fekk æresprisar for framifrå forskning.

Økonomi:

	NHH	SNF	AFF
Samla driftsinntekter	314 mill	58 mill	84,5 mill
Overskot	4 mill		
Eigenkapital	22,8 mill		

Avdeling for etter- og vidareutdanning:

Inntekter: 35,7 mill.



NHH

**Norges
Handelshøyskole**

NHH
Helleveien 30
NO-5045 Bergen
Telefon: 55 95 90 00